

**Fra:** Hogne Jarle Straume <hognestraume@gmail.com>  
**Sendt:** 18. september 2014 10:39  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Emne:** Spørsmål til ordførar og rådmann, bør også distribuerast til medlemmane i formanskapet.

I etterkant av korrespondansen i går, og i samtale mellom naboane på Straume i går og under hjorteslakting i dag tidleg, melde det seg eit prinsipielt spørsmål. Eg ynskjer å stilla det i kveld i direkte framhald av det opprinnelege spørsmålet mitt. Eg forventar ikkje noko endeleg svar i kveld, men ynskjer at det vert gjeve rom for grunnlag til ei drøfting av desse prinsipielle spørsmål og konsekvensane av dei både i partigruppene, i kommunestyret, event. formannskapet og i administrasjonen i ettertid.

Spørsmålet lyder:

Kva rett hadde teknisk kontor, og har politikkarane i Radøy til å overprøva og gjæra avkorting i botnen av grunnerstatningen til oppsitjarane på Straume, når det allerede var del av inngåtte, og underskrevne avtalar mellom oss og BKK.

For dei som ikkje har erstatning for skog, stolpefeste, klausulering, gardsvegar,m.v., er oppgraderinga av Åsheimvegen til 10 t. den einaste erstatninga.

Eg har fått stadfesta dette hjå grunnervervsforhandlaren i BKK i går, både på mail og per telefon. Fleire av desse er ikkje bondelagsmedlemmar og såleis ikkje av Harris sine partar.

Kommunen skulle teke i vare for sine innbyggjarar i slike saker. Kommunen er trass alt ein mykje sterkare forhandlingspart overfor ein utbyggjar enn enkeltgrunneigarar.

Skriftleg svar kan sendast til g.nr.93 [b.nr.](#) 1 til 8 og 13 til 16, [g.nr.](#) 14 [b.nr.](#) 2, 21 og 22

Med helsing Hogne Straume